



Tingvoll, 7.2.2020

Surnadal kommune

LØYVE TIL NYDYR KING – GNR 35 BNR 13 – KLAGE

Dykkar ref. 19/02831

I dokumentet komplett innkalling til møte i utval for miljø, areal og teknikk 29.1.2020 fann vi referert eit vedtak gjort 17.12.2019. Dette dokumentet fann vi først no.

Ved søk i postjournalen kjem berre dokument 5 og 6 i saka opp, dvs. fråsegner frå fylkeskommunen og fylkesmannen. Sjølv om det har gått meir enn 3 veker frå vedtaket er gjort, meiner vi at dette vedtaket ikkje har vore tilgjengeleg for oss før sist i januar. Vi ber difor om at klaga vår blir tatt til handsaming, sjølv om det har gått meir enn 3 veker sidan vedtaket er datert.

1. Grense for konsekvensutgreiing

Saka gjeld ei nydyrkingssak der det er søkt om oppdyrking av 49 dekar. Konsekvensutgreiingsforskrifta har ei grense på 50 dekar. Søkjar har for 3 år sidan hatt inne ein søknad på over 100 dekar ikkje så langt unna (referert til i saka). Vi vil peike på at det er ei omgåing av lovverket viss ein deler opp søknadene for å kome under grenser. Vi meiner difor at kommunen skal vurdere om saka skal konsekvensutgreiast ut frå summen av tidlegare og noverande søknad.

2. Vurdering av konsekvensutgreiingskravet

Kommunen skal gjere ei vurdering av om saka skal konsekvensutgreiast. Der er ordlyden i forskrifta følgjande (§ 12): «*Hvis ansvarlig myndighet kommer til at tiltaket ikke kan få vesentlige virkninger og/eller er tilfredsstillende belyst i søknaden, skal beslutningen begrunnes. Begrunnelsen skal fremgå av innstillingen til vedtak om tiltaket.*»

Anten kommunen kjem til at saka skal konsekvensutgreiast eller ikkje, skal det gå fram av innstillinga til vedtak i saka. Det gjer det ikkje. Vi meiner også det kan vere tvil kva naturverdiar det er i området, og då er det vanskeleg å vurdere kva verknadene kan bli.

Så langt vi kan sjå av karta i saka er oppdyrkingsarealet i hovudsak myr. Dyrking av myr har klimaverknad. Det er eit moment som i liten grad er omtala i kommunen sitt vedtak. Det er eit moment som ikkje er heilt uvesentleg no for tida. Myrene drenerer dessutan til Bjønnåa, og endring av vasshushaldninga i dyrkingsområdet vil ha verknad i heile dette vassdraget som

går mot sørvest til det renn ut i Søya som er eit verna vassdrag. Det er følgjeleg mogleg at dyrkingsarealet skal reknast å ligge i hundremetersona langs ein del av eit verna vassdrag.

3. Kunnskapen om artar og naturtypar

Det går fram av kommunen sitt vedtak at det er undersøkt i Gårdskart om det er sårbare artar i området. Det går ikkje fram av dette om rovviltbasen er undersøkt. Artskart har ein fugleobservasjon mindre enn ein kilometer unna, elles ingen registreringar i det heile i eit større område her. Eit «kvitt kart» er ikkje det same som at det ikkje finst artar som det kan vere nødvendig å ta omsyn til. Viss ein bruker artskart og naturbase heilt utan registreringar som prov på at det ikkje finst noko i området, er dette juks viss ein ikkje veit at området er tilfredsstillande kartlagd. Etter Naturvernforbundet si meining skal ein i slike høve legge til grunn at kunnskapsgrunnlaget ikkje er godt nok, og anten få undersøkt området eller legge til grunn ein betydeleg føre var-faktor som følgje av denne mangelen.

Det er ingen naturtypelokalitetar i området. Viss kommunen har kjennskap til at arealet er kartlagd utan at det blei funne naturtypar i dette området, må dette nemnast. Viss ikkje må ein ta høgde for at det kan vere naturtypelokalitetar i området som ikkje er kartlagd.

Når det skal dyrkast myr, så vil det alltid ha interesse å vite noko meir om kva myrtype det er tale om. Vidare førekjem det både rikmyrer og slåttemyrer som ikkje er kartlagde i dei fleste kommunar. Vi trur ikkje det er tale om raudlista myrtypar, men vi veit det ikkje, og vi trur at kommunen heller ikkje veit det. Slikt bør ein vite noko om når det skal gjerast vedtak som ikkje kan reparerast.

4. Ønskje om endring i vedtaket

Vi ønskjer først og fremst at kommunen gjer sakshandsaminga på nytt og gjer det på rett måte, no og i framtida. Då bør det vere råd å finne ut om vedtaket som er gjort er rett, eller om det må gjerast om.

Vi ser særleg alvorleg på denne saka, då manglane som er påpeika her er om lag dei same som i saka frå 2017. Då gjekk vi ganske nøye gjennom sakshandsaminga i klaga vår, og Fylkesmannen sa også ein del om dette i si klageavgjerd. Det gir oss grunn til å tvile på at kommunen har kompetanse til å handsame denne typen saker, og truleg manglar rutinar for å ta læring av klagesaker.

5. Utsett iverksetting

Sidan dyrking av myr ikkje kan reverserast, ber vi om at klaga blir handsama før dyrkinga kan setjast i gang.

Med helsing

Øystein Folden